

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 29.1.2016  
**Stad:** Hemsedal, Hemsedal kommunehus

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

#### Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt

#### Frå rådmannsutvalet deltok sak 1-4:

Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Hege Mørk,	Gol kommune

---

### **SAK 01/16 UTTALE, EKSPRESSUTGREIING 2015, REGION SØR**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på at Statens vegvesen tek ei samordningsrolle for knutepunkt/haldeplassutvikling for kollektivtrafikken, men dette arbeidet må og vurderast i forhold til tog.
2. Vurderingane blir ufullstendige ved at det ikkje er teke med knutepunkt og ekspressbusstopp som ligg etter kommunal veg, t.d.: Gol skysstasjon. Dette må sjølvstakt takast med i planen.
3. Det må leggest til rette for ekspressbusstopp i samband med Ål stasjon.

### **SAK 02/16 HALLINGDAL KARRIERESENTER, MEDFINANSIERING**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 200.000 til Hallingdal Karrieresenter for ein prosjektperiode på eit år, etter omorganisering. Midlane blir teke frå det regionale næringsfondet.
2. Det er intensjon om eit tilskot frå kommunane etter fyrste driftsår. Før kommunal handsaming skal det føreligge ei evaluering frå Hallingdal Karrieresenter.
3. Regionrådet for Hallingdal føreset at val av representantar til hovudstyre og lokal styringsgruppe blir eige sak i regionrådet.

**SAK 03/16 HALLINGDAL2020, ORIENTERING**

Ulrikke Ytteborg orienterte om status Hallingdal2020, vedlagt presentasjon

**SAK 04/16 STUDIETUR**

**Vedtak**

Rådmannsutvalet i samarbeid med dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal utarbeidar forslag til studietur til Danmark, 29 – 31. mai 2016. Utgangspunktet skal vera vidareutvikling av samarbeidet i Hallingdal med eller utan kommunesamanslåing, med vekt på tema velferdsteknologi og byregionprogrammet.

**SAK 05/16 AUST – VEST, DRØFTING**

Regionrådet for Hallingdal drøfta status vegar aust – vest og prosess KVV Gol – Voss. Saka blir drøfta vidare når det er aktuelt.

**SAK 06/16 EVENTUELT**

**Landsdelscene**

Solveig Vestenfor tok opp spørsmålet om kommunane kan vera interessert i eit samarbeid i forhold til drift av landsdelscene i Ål kulturhus. Det vart ikkje trekt nokon konklusjonar, men Regionrådet ynskjer å drøfte dette i ein vidare samanheng, i forhold til andre aktuelle tilsvarande samarbeidstiltak.

Trafikkpatrolje Hallingdal

**SAK 07/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL**

**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Hemsedal 29.1.2016

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune